

## Områdeutvalet for Nordhordland (OU NH)

### Referat

<b>Tid:</b>	Fredag 18. november kl. 09:00 – 12:00
<b>Stad:</b>	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Nordhordland
<b>Til stede:</b>	<p><b>Arbeidstakarorganisasjon:</b> Trond Larsen (Fagforbundet HDS), Martine Eide Ulvatn (vararepr. Fagforbundet, Alver)</p> <p><b>Brukarrepresentant:</b> Evy Knutsen (Brukarutvalet HDS.), Jostein Dale (Eldrerådet Alver)</p> <p><b>Kommunane:</b> Annika Tvedt Villanger (Fedje), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kim Andre Vangberg (Austrheim), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Oddvin Arne Nesi (Masfjorden, Ileiar)</p> <p>Kommuneoverlege: Terese Folgerø (Alver)</p> <p>Fastlege: Grete Wold (Alver)</p> <p><b>Helse Bergen:</b> Alf Henrik Andreassen; Ansgar Berg, Grete Lill Hjartnes og Hans Olav Instefjord</p> <p><b>Haraldsplass:</b> Rebekka Ljosland, Åse Therese Nordstrønen</p> <p><b>Sekretariat:</b> Anne Hildegunn Færøy, Elena Sandgathe</p> <p><b>Observatør:</b> Anita Bjørsvik Kvamme, prosjektleiar RNI</p>
<b>Forfall</b>	Liv Berit Haukås (Fagforbundet Alver) og Ingebjørg Søreide (Gulen)
<b>Møteleiar:</b>	Oddvin Arne Nesi
<b>Referent:</b>	Anne Hildegunn Færøy og Elena Sandgathe

Saksnr.	Saker
04/22	<p><b>Godkjenning av møteinnkalling og saksliste</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste godkjent utan merknader</p>
05/22	<p><b>Godkjenning av referat frå møte 16.september 2022</b></p> <p>Avklaringar knytt til spørsmål rundt vararepresentasjon i OU: <i>Retningsline for deltaking og representasjon</i> som vil bli framlagt til handsaming i Strategisk samarbeidsutval (SSU) 30. november, tar opp i seg at det er ønskjeleg med vararepresentant for alle deltakarene i OU, men at det ikkje er eit krav.</p> <p><b>Vedtak:</b> Referat frå møte 16. september er godkjent utan merknader.</p>
06/22	<p><b>Oppgåver og forventningar til områdeutvalet</b></p> <p>Utvalsleiar presenterte sentrale punkt i <a href="#">Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1</a> og oppsummeringa av forventningsavklaring frå oppstartsmøte 16. september (jf. referat).</p> <p>Sekretariatet hadde ei kort gjennomgang av utkast til <i>Retningsline for deltaking og representasjon</i>. Anita Bjørsvik Kvamme, prosjektleiar gav ein kort presentasjon av prosjekt <a href="#">Fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus</a>.</p> <p>Det vart stilt spørsmål ved korleis det er tenkt å løysa brukarrepresentasjon i utvala når representant er vald inn for 4 år om gangen, og brukarrepresentantar i spesialisthelsetenesta er valt inn for 2 år av gangen. Brukarrepresentant ber om at dette vert vurdert.</p> <p>Oppsummering av innspel etter workshop/gruppearbeid er samla i vedlagt PP.</p>

	<p>Utvalet er samde om at gruppearbeidet var nyttig, med gode diskusjonar når det gjeld kva mål utvalet skal arbeide etter, spelereglar og korleis arbeidet kan organiserast for å lukkast med mål og oppgåver.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for god gjennomgang av oppgåver, retningsliner for deltaking og representasjon og orientering om prosjekt Fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus (FTU).</p> <p>Det er semje om at prosjektleiar for FTU kan delta i møta som observatør.</p>
07/22	<p><b>Felles handlingsplan 2022 og 2023</b></p> <p>Sekretariatet orienterte om status for oppfølging av tiltak i felles handlingsplan 2022. Kort gjennomgang av saksgrunnlag med forslag til prosess for utarbeiding av felles handlingsplan for 2023.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2022 til orientering.</p> <p><u>Områdeutvalet for Nordhordland har følgjande innspeil til felles handlingsplan for 2023:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Styrke samarbeidet om utviklingshemma personar med psykiske lidinger</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ identifisere behov og sikre rett tilbod, på rett nivå</li> <li>○ sjå tiltaket i samanheng med prioriterte målgrupper; <i>Personer med alvorlige psykiske lidelser</i> og <i>Personer med flere kroniske lidelser</i></li> </ul> </li> <li>• <b>Felles e-læringsprogram for å spreia bevisstheit, kunnskap og kompetanse</b> rundt vurdering av når er ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta, del 2 for psykisk helsevern.</li> </ul>
08/22	<p><b>Felles e-læringsprogram for å spreia bevisstheit, kunnskap og kompetanse</b></p> <p>Elena Sandgathe, SSE gav ei kort orientering om status for arbeidet og plan for implementering av programmet.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar arbeidsgruppa for at fyrste del av pkt 2.4 i handlingsplanen er fullført og støtter at e-læringsprogrammet vert tatt i bruk.</p> <p>Partane i områdeutvalet tek ansvar for å implementera e-læringsprogrammet i sine organisasjoner (kommunar og sjukehus).</p>
09/22	<p><b>Psykisk helsevern for framtida v/Hans Olav Instefjord</b></p> <p>Orientering om programmet <i>Psykisk helsevern for framtida, del 2, v/Hans Olav Instefjord</i>, klinikkdirektør Divisjon Psykisk helsevern i HB.</p> <p>Det skal setjast ned ei referansegruppe, der det er ønske om at ein kommunerepresentant frå kvart utvalsområde deltar.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og utpeikar Terese Folgerø, kommuneoverlege i Alver til å delta i referansegruppa for vidare arbeid.</p>
10/22	<p><b>Pakkeforløp kreft heim</b></p> <p>Anne Britt Hauge, kreftkoordinator i Alver kommune gav ei kort løypemelding frå arbeidsgruppa <i>Pakkeforløp kreft heim</i>.</p> <p>Utvalet peika på at fastlegane er ein viktig ressurs i dette arbeidet meiner at det vert viktig å involvere fastlegar i vidare planlegging og gjennomføring. Haraldsplass ber også om å bli invitert med i dette arbeidet.</p> <p><i>PP vist i møte er lagt ved referat</i></p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>OU NH takkar for orienteringa og ber om at innspeil om å styrka arbeidet med fastlege og ressurs frå HDS vert meldt tilbake til arbeidsgruppa</p>

	<b>Orientering frå partane</b>
11/22	<p><b>Kommunane:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er bekymra for konsekvensane ved at Helse Bergen på bakgrunn av økonomiske kutt, foreslår å redusera ambulansetenesta på natt. Det vart stilt spørsmål ved korleis samarbeidet i Helsefellesskapet kan bidra når endring i tilbod planleggjast.</li> <li>• Interkommunalt samarbeid om ØHD-senger vert avslutta ved nyttår. Samarbeidsavtalen er sagt opp og alle kommunane jobbar med å rigge seg internt med å få på plass ØHD senger i eigen kommune.</li> <li>• Austrheim: auka Covid-smitte på sjukeheimen, der både pasientar og personalet er smitta.</li> <li>• Osterøy: krevjande økonomisk tid og får ikkje oppretta nye sjukeheimsplassar, slik det var planlagt. Krevjande å rekruttere helsepersonell. Osterøy går over til nytt EPJ system frå januar 2023.</li> </ul> <p><b>Haraldsplass:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Krevjande økonomiske tider, i tillegg til at sjukehusa har auka innstrøyming av pasientar.</li> <li>• Det er opna ein større observasjonspost og jobbar med utvikling av mottaksmodellen.</li> </ul> <p><b>Helse Bergen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Krevjande økonomiske tider i HB. Korleis sikre gode prosessar saman med samarbeidspartar når endringar skjer på bakgrunn av endra økonomiske rammer?</li> </ul>
12/22	<p><b>Møteplan 2023</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteplan for Helsefellesskapet i 2023 blir vedtatt, slik som det er skissert i vedlegget.</p>
13/22	<p><b>Namn på Helsefellesskapet</b></p> <p>Innspel til kva faktorar bør vektleggast med omsyn til å fastsetja namn på helsefellesskapet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helsefellesskapet bør si om geografisk avgrensing, der det ikkje berre er fokus på ein kommune</li> <li>• Innspel til namn: «Helsefellesskap i Vest»</li> </ul>
14/22	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Therese Folgerø melder inn behov for gjennomgang av UFAB NH sitt mandat, samt drøfting av felles prinsipp og representasjon frå samarbeidspartane i UFAB. Det er ønske om at dette blir tatt opp som eiga sak i neste møte for OU NH.</p>